

Lokal retningslinje for tildeling av tilskot til spesielle miljøtiltak
i jordbruket (SMIL)
for
Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes
2021-2024



Vår visjon:

«Eit driftig og miljøvenleg jordbruk kor vi vernar om kulturlandskapet og kulturverdiane i jordbruket gjennom aktiv bruk»

INNHOLD:

| | |
|---|----|
| SMIL kort fortalt:..... | 3 |
| Om SMIL-ordninga..... | 4 |
| Overordna føringar..... | 4 |
| Kommunal SMIL-strategi | 4 |
| Kulturlandskap..... | 5 |
| Forureining, avrenning og erosjon | 6 |
| Prioriterte tiltak..... | 7 |
| Søknad og handsaming..... | 9 |
| Krav til søkjær | 9 |
| Prioritering av søknadar | 9 |
| Søknaden..... | 10 |
| Utbetaling av tilskot | 11 |
| Arbeidsfrist | 11 |

Framsidefoto: Kulturmark, Hålandsdalen, Bjørnafjorden kommune

SMIL KORT FORTALT:

Kva er SMIL: Ei nasjonal tilskotsordning som skal stimulere til at ein tek vare på kulturlandskap og kulturverdiar samt reduserer ureininga frå jordbruket gjennom tiltak ut over det som er forventa av vanleg jordbruksdrift.

Kven kan søkja:

Den som eig eller leiger ein landbrukseigedom i Bjørnafjorden, Samnanger eller Tysnes der det er tilskotsberettiga jordbruksproduksjon kan søkje. Den som leiger må ha godkjenning frå eigar. Både føretak og privatpersonar kan søkje (les meir om kriteria på side 9).

Kva kan du søkja om:

Finansiering til prosjekt og tiltak som bidreg positivt til kulturlandskapet, eller som reduserer forureining. Gjeld tiltak som går ut over det ein kan forvente inngår i vanleg jordbruksdrift.

Kor mykje kan du få:

Mellom 30 og 80 % utgiftene, avhengig av type tiltak, tal søkerar og total fordelingsramme.

Søknadsfrist:

1. april kvart år dersom ikkje anna vert informert om.

Søknadskjema:

Skjemaet «Tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)» ligg på www.altinn.no: [Altinn - Tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket \(SMIL\)](#)

| Tiltak | Maks tilskot * | Satsar for arbeidstimer | Sats |
|--|----------------|------------------------------------|-------------|
| Rydding av attgrodd kulturmark | 70 % | Eige arbeid med enkle hjelpemiddel | 350 kr/time |
| Gjerding i samband med ryddeprosjekt | 50 % | Eige arbeid med traktor og reiskap | 600 kr/time |
| Restaurering av steingarder og andre landskapslement | 50% | Eige arbeid med gravemaskin | 850 kr/time |
| Tiltak for biologisk mangfald | 80% | | |
| Etablering eller restaurering av styvingstre | 50% | | |
| Tilrettelegging for ålmenta | 70% | | |
| Forureinings- og klimatilpassingstiltak | 50% | | |

* Prosentdel av godkjent kostnad

OM SMIL-ORDNINGA

SMIL-ordninga (spesielle miljøtiltak i jordbruket) vart innført i 2004. Ordninga er heimla i ei eiga SMIL-forskrift: *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket*. Forskrifta seier at kvar kommune skal utarbeida ein overordna retningslinje som skal leggjast til grunn for prioritering av prosjekt og tiltak.

Det overordna føremålet med tilskotsordninga er todelt:

- Å fremja natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap
- Å redusera forureininga frå jordbruket

Føringar

I tillegg til forskriftera, ligg dei desse føringane til grunn for tildeling av SMIL-tilskot:

- **Regionalt miljøprogram (RMP)** for Vestland 2019-2022 er eit strategiprogram fastsett av Statsforvaltaren i samråd med bondelaget og bonde- og småbrukarlaget. Programmet skal stimulere til å oppretthalde og utvikle eit ope og variert kulturlandskap. I Vestland er tiltak retta mot kulturlandskap, beiting, naturmangfald, klimatilpassing og begrensing av forureining prioritert.
- **Naturmangfaldlova** sine §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningsliner, og synleggjering og ivaretaking av naturmangfaldet skal vektleggjast ved handsaming av SMIL-saker.
- **Vassforskrifta**
- **Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021**
- **Kommuneplanane** i kvar kommune
- **Kulturminneplanane** i kvar kommune

Kommunal SMIL-strategi

Kvart fylke vert årleg tildelt ei samla økonomisk ramme. Statsforvaltaren fordeler midlane til kommunane og det er kommunen som forvaltar SMIL-ordninga. Kommunane skal utarbeide lokale overordna retningslinjer innanfor ramma av forskrift og rundskriv. Retningslinja skal peika på lokale utfordringar og målsetjingar og skal vera eit verktøy i samband med handsaming av søknader og prioritering av tiltak. Tanken er at SMIL-ordninga skal bidra med ei eingongsstøtte til investeringar, medan tilskotsordninga under regionalt miljøprogram (RMP) mellom anna skal femne om jamlege skjøtselstiltak. Dei to ordningane skal altså opptre parallelt.

Den lokale retningslinja:

- Er lokalt forankra og politisk vedteken
- Gjev næringa høve til å medverka
- Er eit nyttig reiskap til bruk i forvaltinga av tilskotsordninga
- Set stabile rammer som søkerane kan forholde seg til før dei søker

SMIL-ordninga er meint å vera ei støtte til dei som ynskjer å gjera ein ekstra innsats for å bevara natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap, og redusere forureininga frå jordbruket. Kulturlandskapet skal vera til nytte og glede både for både næringa og ålmenta. Samfunnet kan likevel ikkje forventa at ei pressa næring utan vidare skal ta byrda med å bevara den norske kulturarven som kulturlandskapet er ein del av. SMIL-midlane skal stimulera til dette arbeidet.

LOKALE UTFORDRINGAR

Utviklinga i kommunane Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes har fylgt den same utviklinga som resten av Vestlandet dei siste 50 åra. Talet på gardsbruk med sjølvstendig drift har vorte dramatisk redusert. Det er mange stadar berre eit fåtal jordbruksføretak som driv jordbruksarealet i ei heil bygd.

Sjølv om det årleg vert betalt ut store summar som produksjonstilskot, er likevel verdien av landbruksprodukt jamt over låg, samstundes som at kostnadsnivået for investeringar, driftsmidlar og arbeidskraft for mange gardbrukarar er høge. Dei økonomiske rammeverkene for landbruket set klare grenser for innteninga i næringa, og låg lønsemd gjer det vanskeleg for mange å vera bonde på heiltid. Når dei økonomiske tilhøva er slik dei er i dag, er det forståeleg at vedlikehald av gamle unyttige bygningar og andre kulturlandskapsverdiar vert salderingspost for bonden. I somme tilfelle vert ikkje jorda driven vidare etter at jordbruksføretak vert avvikla, og jorda vert liggjande brakk. Sett utifrå føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket, er dette svært negativt.

Eit levande og aktivt jordbruk er ein føresetnad for å kunna bevara kulturlandskapet i regionen vår, og difor er det ein prioritering for oss å nytta SMIL-midlane på ein slik måte at dei kan stimulera til meir aktivitet på gardane og bruk av verdifulle jordbruksområde som held på eller er under trugsel av å gro igjen.

Kulturlandskap

Kulturlandskapet vårt gror att. Dette er mellom anna ein konsekvens av krav om meir effektivisering, låg lønsemd, og tunge maskiner som ikkje er tilpassa dei vestlandske forholda. Det gjer at mange område ikkje eignar seg til maskinell innhausting. Utviklinga får fleire negative konsekvensar:

- Areal som ikkje vert slege eller beita i særleg grad, får fort oppslag av lyssiv og anna kulturugras.
- Nye driftsmetodar, færre beitedyr og manglande skjøtsel gjer at det biologiske mangfaldet som er avhengig av kulturlandskapet vert redusert, og at verdifulle naturtypar som slåttemark og naturbeitemark går tapt.
- Landskapselement som mellom anna åkerholmer, steingardar, rydningsrøyser og opne bekkelauv vert ofte ikkje ivaretake på grunn av krav til betre arrondering og effektiv drift..
- Som ei følgje av endra behov vert mange gamle bygningar ikkje lenger nytta og står til nedfalls.
- Gamle gjerde og piggtråd som ikkje vert halde ved like, utgjer ein fare for vilt og beitedyr. I tillegg er dei til hinder for ferdsel.
- Endra drift og bruk av landskapet fører til at gamle ferdselsårer og stiar står i fare for å forsvinne mange stadar.

Forureining, avrenning og erosjon

Klimaendringane skjer her og no, og gjennomsnitttemperaturen og nedbøren i Noreg har allereie auka. Vestlandet er frå før av blant dei blautaste områda i Europa, og auka nedbørsmengder og meir ekstremvår vil skapa større problem for jordbruket i vårt område, kor dei fleste grøfteanlegg er dimensjonert for klimatilhøve før 1980.

Når næringsemne hopar seg opp, vert det fare for forureining. Mange vestlandsgardsbruk, særleg gardsbruk som driv med intensiv mjølkeproduksjon og som kjøper inn mykje kraft- og grovfôr, vil ofte ha mykje husdyrgjødsel i høve til arealgrunnlaget på gardsbruket. Avrenning frå gjødsellager, siloar og rundballar kan føre til lokale utslepp for vatn og vassdrag. Tiltak for å hindre slik forureining vert prioritert.

Dei største problema er:

- Auka nedbørsmengd, meir overvatn og hyppigare flaumepisodar
- Vassjuk jord med därleg produksjon
- Problem med jordpakking i samband med såing, hausting og gjødsling
- Erosjon, avrenning og tap av næringssstoff

SMIL-tilskotet skal kunne bidra til at bønder gjer tiltak for å tilpassa seg eit røffare klima med meir nedbør, til dømes tiltak for overvatnshandtering eller flaumdemping. Dessutan skal tilskotet bidra til at ein førebyggjar forureining som følgje av erosjon eller anna tap av næringsemne til naturen.



Fig 2. Vanleg utfordring i vårt område – matjord som vert vaska ut i vassdrag, her frå Samnanger kommune

PRIORITERTE TILTAK

Denne lokale retningslinja gjev føringar for kva for tiltak vi ynskjer å prioritera i våre kommunar. Tiltaka er lista opp i tabellen under. Retningslinja set likevel ikkje ei absolutt grense for kva det er råd å søkja om tilskot til, og miljøomgrepet innanfor SMIL er nokså vidt. Vi oppmodar difor søkerar om å ta kontakt om de er i tvil om tiltaket kan vera aktuelt innanfor SMIL.

| Type tiltak | Føremål og vilkår | Døme | Kor mykje kan dekkast |
|---------------------------------|---|---|--|
| Rydding av attgrodde kulturmark | <p>Fjerning av uønskt vegetasjon for å ta i bruk område med attgrodde kulturmark (gjeld ikkje utmark).</p> <p>Arealet skal ikkje ha vore i bruk på minst 10 år, og skal oppfylla krava til NIBIO sin arealklassifikasjon for innmark etter at tiltaket er gjennomført.</p> <p>Det vert sett som vilkår at området vert nytta til husdyrbeite i minimum 5 år etter at det er ferdig rydda.</p> <p>Tips: Les skjøtselsboka (Miljødirektoratet).</p> | Hogst, krattfjerning, beitepuassing med meir. | 20-70% av fast sats Fast sats: 3250,-/daa |
| | <p><u>Gjerding (fysisk eller digitalt)</u> Oppsetting av permanent gjerde i samband med rydding av kulturmark eller for å nytta eit samanhengande område med kulturmark på ein betre måte. Gjeld ikkje gjerding i utmark.</p> <p>Det kan løvvast tilskot til digitale gjerde der dette erstattar tradisjonelt gjerde på gamal kulturmark og vil vere meir teneleg enn vanleg gjerde. Aktuelt på område med høge kulturlandskapsverdiar eller der tradisjonelt gjerde ikkje er ønskeleg eller mogeleg å setje opp.</p> <p><i>Merk:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Tilskot gjeld ikkje vedlikehald/erstatning av gamle gjerder. - Tilskot gjeld ikkje driftskostnader ved digitale gjerdeløysingar | Fysisk gjerde eller digitalt gjerde | 20-50% av fast sats Fast sats: <u>Nettinggjerde:</u> kr 100,-/meter <u>Permanet el-gjerde:</u> kr 60,-/meter <u>Digitalt gjerde:</u> Inntil 40% av investeringeskostnader |

| | | | |
|---|---|---|--|
| Verneverdige bygningar | Restaurering av gamle bygg som står fram som viktige kulturminne Gjeld utvendig fasade samt bærande konstruksjon | Eldhus, uteløer, smier mm. | Inntil 50 % av godkjend kostnadsoverslag |
| Restaurering av steingardar eller andre landskapselement | Restaurering av viktige element som står fram i kulturlandskapet | <ul style="list-style-type: none"> • Gamle steingardar (ikkje i utmark) • Rydningsrøyser • Steinbruer | Inntil 50% av godkjend kostnadsoverslag |
| Biologisk mangfold | Tiltak som kan verna om eller styrke det biologiske mangfaldet i kulturlandskapet | <ul style="list-style-type: none"> • Tiltak for pollinerande insekt • Fjerning av svartelista plantar • Restaurering av slåttemark • Opning av lukka vassvegar mm. | Inntil 80 % av godkjend kostnadsoverslag |
| Restaurering og etablering av styvingstre | Tiltaket gjeld restaurering av gamle styvingstre eller førstegongsstyving/etablering av nye tre som på ein naturleg måte inngår i eit kulturlandskap med gamle styvingstre. | Restaurering av gamle styvingstre som ikkje har blitt styva dei siste tiåra vert prioritert. Styving av nye tre bør utførast område med gamle styvingstre. Med søknaden må ein leggja ved skjøtselsplan. Restaurerte eller nyetablere styvingstre skal kunne inngå i RMP-ordninga. | Nytablering av tre: kr 200,-/tre Restaurering av gamle styvingstre: 700,-/tre |
| Tilrettelegging for ålmenta | Tiltak som legg til rette for ålmenn ferdslle, friluftsliv og kunnskapsspreiing | <ul style="list-style-type: none"> • Turstiar, skiløyper, gamle ferdelsårer mm • Parkeringsplassar • Kursverksemd som kan bidra til kunnskaps-spreiing til dømes om tradisjonelle driftsformer som ljåslått, hesjing og styving • Skilting • Skjøtsel av eigedomar eller landskap med kulturhistorisk verdi • Vedlikehald av eigedomar som opplev slitasje som følgje av å verta nytta av ålmenta | Inntil 70 % av godkjend kostnadsoverslag. |

| | | | |
|---------------------------------------|---|---|--|
| Forureining og klimatilpassing | <p>Tiltak som tek sikte på å tilpassa seg auka nedbørsmengder eller forhindra erosjon, avrenning og forureining frå jordbruksmengdene, inkludert tiltak som kan redusere utslepp til luft.</p> <p><i>Merk: Normal drenering og grøfting kjem ikkje inn under SMIL-ordninga</i></p> <p>-Alle fysiske inngrep i vassdrag som har verknad for naturmangfald, er søknadspliktig etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag</p> | <ul style="list-style-type: none"> • Steinsetjing av bekkeløp • Etablering av vegetasjonssoner langs vassdrag • Rensking av grøftar og kanalar • Kummar til overflatevatn • Tiltak som hindrar avrenning frå siloballer • Flaumdempande tiltak • Dekke over gjødsellager | Inntil 50 % av godkjend kostnadsoverslag |
|---------------------------------------|---|---|--|

OBS:

Nyoppstarta føretak og nye drivarar som har overtatt bruk med stort oppgraderingsbehov eller har vore ute av drift i lang tid, vil verta prioritert og kan få høgare tildeling enn maks-satsane i tabellen.

SØKNAD OG HANDSAMING

Bjørnafjorden landbrukskontor handsamar innkomne søknadar. I mange høve vil det vera naturleg å koma på synfaring.

Prioriteringa vert gjort på bakgrunn av den samla tilskotsramma og i tråd med den lokale retningslinja. Søknadane vert vurdert etter naturmangfaldlova. Kommunen fattar enkeltvedtak i Landbruksdirektoratet sitt elektroniske system, og sender ut vedtaket til søker via Altinn.

Krav til søker

Både føretak og privatpersonar kan søkje.

Tiltaket må gjennomførast på ein landbrukseigedom med jordbruksproduksjon som oppfyller vilkåra for produksjonstilskot.

Eigarar som ikkje sjølv driv areala sine kan søkje om tilskot dersom det vert drive tilskotsberettiga jordbruksproduksjon på landbrukseigedomen. Om søkeren ikkje eig jorda sjølv, må det leggjast ved skriftleg godkjenning frå grunneigar.

Søkjar er pliktig til å undersøkja om tiltaket er søknadspliktig etter anna lovverk.

Prioritering av søknadar

I tilfelle der det kjem inn fleire aktuelle søknadar enn det finst midlar, vert desse tiltaka prioritert:

- Nyoppstarta føretak, førstegongssøkjarar og nye drivarar på gardsbruk med store oppgraderingsbehov
- Tiltak med høg verknadsgrad for kvar tilskotskrone
- Tiltak som kjem ålmenta eller fleire eigedomar til gode
- Ved restaurering av gamle bygg vil bygningar som er særmerkte for regionen og få i talet (sjeldne) bli prioritert, saman med bygg som kan gje inntekt t.d. i samban med tilleggsnæringsvirksomhet på eit bruk.

Kommunen kan bruka skjøn i prioriteringa av midlane etter ei samla vurdering. Dette kan handla om å prioritera utvalde tema i eit søknadsår, eller om å prioritera dei tiltaka som vert vurdert å ha høgast nytteverdi i tilfelle kor det er svært mange søkerar som må dela på få midlar.

Søknaden

I skjemaet skal det fyllast ut opplysningar om søkeren, kor mykje ein søker om, og eit kostnadsoverslag som er spesifisert på detaljerte postar. I tilfelle der utgifter til arbeidstimer er ein del av kostnadsoverslaget, skal det gjevast opp kor mange timer det gjeld.

I tilfelle der søkeren har fått eit anbod frå ein entreprenør eller liknande, skal anbodet sendast inn saman med søknaden.

Kommunen vurderer kostnadsoverslaget frå søker, og korrigerer eventuelt kostnadsoverslaget med faste satsar og utgifter til meirverdiavgift. Det kostnadsoverslaget ein då sit att med er "godkjent kostnadsoverslag".

I tillegg til sjølve skjemaet, skal søknaden innehalda kart som syner kvar tiltaket skal utførast, omfang, og oversikt over eigd og leigd jordbruksareal.

Kulturminne, område som er viktige for biologisk mangfald, areal med erosjonsfare og andre tilhøve av miljømessig verdi skal vera kartfesta og skildra (bruk gjerne gardskart til dette: <https://gardskart.nibio.no/search>).

Andre relevante vedlegg:

- Fotodokumentasjon
- Arbeidsteikningar
- Skriftleg godkjenning frå grunneigar
- Gjødslingsplan og plantevernjournal der dette er pålagd
- Uttale frå fagfolk som tilrår tiltaket
- Skjøtselsplanar og tilstandsregistreringar
- Stadfesting frå andre finansieringskjelder

Meirverdiavgift

For føretak som er registrert i meirverdiavgiftsregisteret, vert det ikkje gjeve tilskot til å dekkje utgifter i samband med meirverdiavgift. Berre for føretak som ikkje er registrert i meirverdiavgiftsregisteret kan utgifter til meirverdiavgift inngå som ein del av kostnadsoverslag for tiltaket.

Til søknadsskjema: <https://www.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/tilskudd-til-spesielle-miljotiltak-i-jordbruket-smil/>

Utbetaling av tilskot

Delutbetaling

Søkjaren har høve til å søkja skriftleg om å få utbetalt delar av tilskotsbeløpet etter kvart som tilsvarende part av arbeidet er gjennomført. Det skal likevel stå att minst 25 prosent av det løyvde tilskotsbeløpet til arbeidet er dokumentert og godkjent som slutført av kommunen.

Sluttrapport og sluttutbetaling

Søknad om sluttutbetaling skal sendast til kommunen på direktoratet sine fastsette skjema når arbeidet er ferdig utført. Skjema kan sendast digitalt via Altinn eller skrivast ut og sendast via e-post eller post. Rettleiing til sluttrapportering i Altinn, skjemamål m.m finn ein på landbruksdirektoratet sine sider: <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/tilskudd-til-spesielle-miljotiltak-i-jordbruket-smil>

Sluttrapporten skal dokumentera utgiftene ein har hatt og arbeidet som har vore gjort i samband med tiltaket. Døme på dokumentasjon er biletet, oversikt over tidsbruk og kopiar av bilag.

Merk: Tilskotet kan reduserast dersom dei faktiske kostnadane vart lågare enn planlagt.

Arbeidsfrist

Arbeidsfristen er i utgangspunktet inntil 3 år etter vedtaket om tilskot vert fatta. Søkjaren får skriftleg orientering når arbeidsfristen nærmar seg. Fristen kan forlengast til inntil 5 år etter skriftleg søknad.

Dersom søkeren ikkje kan eller vil fullføre eit tiltak det er løyvd midlar til, skal kommunen få beskjed så snart som råd slik at midlane kan omdisponerast.



Fig 1. Fine fjordhestar på nyrydda kulturmark, Tysnes kommune